



Arkivnr: 2018/11743-57

Saksbehandlar: Tone Stedal Haugland , Marianne Ose Askvik

### Saksframlegg

#### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		13.11.2018

### Prosjekttildelingsordninga: kunst- og kulturtiltak, tildelingar haust 2018

#### Samandrag

##### Føremål med ordninga:

Ordninga skal stimulere til produksjon og visning av profesjonell kunst og kultur, og sikre innbyggjarar i heile fylket tilgang til eit mangfaldig kulturtilbod av høg kvalitet. Hordaland skal ha eit sterkt, profesjonelt kulturliv som fremjar skapande og frie kunstuttrykk.

Tilskotsordninga skal styrke gjennomføringa av eit regionalt kunstløft slik det er skissert i regional kulturplan, og vere innretta for å svare på aktuelle utfordringar og behov innanfor eit ambisiøst og profesjonelt kunstliv i Hordaland. Ordninga skal også omfatte kulturminneprosjekt og tiltak i regi av profesjonelle aktørar, td museum.

Stønadsordninga skal elles ta omsyn til følgjande vedtekne kulturpolitiske mål og søkje å oppfylle desse:

- Kulturpolitikken skal fremje demokrati og ytringsfridom.
- Hordaland skal ha eit rikt, aktivt og mangfaldig kulturliv, med tilgang for alle.  
Kulturpolitikken skal identifisere og styrke miljø og aktivitetar der Hordaland er eller kan vere leiande.
- Barn og ungdom har spesiell merksemd, og ein ønskjer å stimulere spesielt til at unge sjølv er aktive deltagarar i prosjektet.

Generelt:	
Budsjett 2018:	1 358 000 kroner
Av desse er øyremerka til prosjekt som gjeld barn og / eller unge:	408 000 kroner
Søknadsfrist 2018:	1.mars og 11.september
Vedtak kriteria:	KIRU 23.01.18 PS 8/2018
Kriteria og informasjon om ordninga:	Informasjon på <a href="http://hordaland.no">hordaland.no</a>
Våren 2018:	
Tal på søknadar:	109 søknader
Tal på søknadar som vart tildelt støtte:	48 søknader
Samla søknadssum:	4 509 503 kroner
Samla løyving:	817 000
Løyvingar til prosjekt som gjeld barn og/eller unge	242 000
Hausten 2018:	

Tal på søknadar	52
Tal på søknadar som er tilrådd støtte	25
Midlar som er øyremerka til prosjekt som gjeld barn og / eller unge	117 000
Midlar til fordeling	541 000

**Fylkesrådmannen sine overordna kommentarar:**

Ut frå føremålet med ordninga og føringane i regional kulturplan er det sett opp følgjande kriteria som søkerne har vore målt opp mot. Ein søknad må ikkje oppfylle alle desse kriteria, men jo sterkeare ein oppfyller kriteria og jo fleire ein oppfyller, desto meir relevant vil søknaden vere for ordninga. Det skal vere føreseielege og transparente søknads- og handsamingsrutinar.

Følgjande vedtekne kriteria har vore lagt til grunn for vurderinga av søkerne (ikkje prioritert rekkefølge):

- a. I kva grad tiltaket oppfyller satsingar i Regional kulturplan.
- b. I kva grad tiltaket bidreg til ei utvikling av kulturlivet i fylket.
- c. I kva grad tiltaket har verdi for kulturlivet i større delar av fylket.
- d. I kva grad tiltaket er nyskapande og kan ha verdi som pilotprosjekt
- e. Om tiltaket kan kopla saman aktørar og stimulere til samarbeid på tvers.
- f. I kva grad tiltaket er utadretta.
- g. I kva grad tiltaket skil seg tydeleg ut frå ordinær, dagleg drift av ein organisasjon
- h. I kva grad tiltaket har støtte i heimkommunen.
- i. Kvalitativt nivå på prosjekt og søknad.
- j. Gjennomføringsevne og realisme i prosjektet.

Ved søkerne om støtte til festivalar skal det i tillegg leggast følgjande kriteria til grunn for vurderinga:

- k. Festivalen sin eigenart, kunstnarlege profil og fokus på det kunstnarlege uttrykket
- l. Formidlingsevne og publikumsoppslutning

I tillegg er søkerne vurdert etter geografisk og sjangermessig fordeling.

Som søkertal og samla søkerstøtten viser er det ikkje tilstrekkeleg med midlar til å innfri alle søkerne som fell innanfor føremålet og kriteria for søkerstøtten. Dei som vert tilrådd støtte oppfyller i høg grad det overordna føremålet og vurderingskriteria.

Det regionale ansvaret gjeld kulturoppgåver og kunst som har verdi for heile fylket eller større delar av det. Det er fleire som søker om støtte til produksjon og produksjonssutvikling, og det kan vere vanskeleg å vurdere på førehand kva prosjekt som har / får regional verdi. Dei som er tilrådd å støtte i denne søkerstundan er produksjonar som gjennom søkeren viser ein tydeleg og direkte regional verdi.

Det er mogeleg å løyve midlar til årvisse / jamne tiltak. Slik fylkesrådmannen ser det er det likevel viktig at prosjektmidlar ikkje vert bundne opp til slike tiltak og at aktørane ser på prosjektstøtta som driftstilskot. Søker må vere merksam på at dette er prosjekttilstokt og at søkerne kvart år vert vurdert på nytt opp imot samla søkermasse.

Det er vanleg at det er færre søkerne ved haustfristen – dette m.a. grunna i at det er større kulturaktivitet på sommaren som m.a. festivalar ol.

Framlegg til vedtak må sjåast i samanheng med fylkesrådmannen sine vurderingar i søkerstøttenoversikta som følgjer som vedlegg til saka. Nummereringa i vedtaket viser til nummereringa i oversikta.

**Økonomi:** Tildelinga er i samsvar med budsjett. Tilskotsordningar på kulturfeltet er eit økonomisk verkemiddel og står sentralt i den regionale kulturpolitikken til Hordaland fylkeskommune.

**Klima:** Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at dei omsøkte tiltaka har monaleg klimaavtrykk.

**Folkehelse:** Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle: Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa.

**Regional planstrategi:** Tilskotsordninga er eit av verkemidlane for å følgje opp viktige satsingar i Regional kulturplan 2015-2025 PREMISS: KULTUR .

### Forslag til vedtak

Utval for Kultur, idrett og regional utvikling løyver 541 000 kroner over budsjettpost 400.725.03, slik:

	Søkjar	Tilråding
1	ALDEA AS	Avslag
2	Alexey Cherkasov	Avslag
3	André Steenbuch Marandon	Avslag
4	Anette Thorsheim	10000
5	Anette Thorsheim	30000
6	BAL MUSETTE ANS	10000
7	Benedicte Maurseth	Avslag
8	BERGEN INTERNASJONALE FILMFESTIVAL	40000
9	BERGEN INTERNASJONALE KULTURSENTER	25000
10	BERGEN JAZZFORUM	15000
11	Bildende Kunstneres Forening Hordaland (BKFH)	40000
12	BOKBYEN FORLAG AS	10000
13	Boksalongen LiB as	10000
14	Charlotte Faaberg-Johansen	Avslag
15	FOLKEMUSIKK-KLUBBEN COLUMBI EGG	18000
16	Fotograf Rune Werner Molnes	Avslag
17	FRANTZSEN MJANGER DA	10000
18	Glenn Erik Haugland	Avslag
19	Hanne Mellingen	Avslag
20	HENRIETTE CHRISTIE ERTSÅS	Avslag
21	HENRIETTE CHRISTIE ERTSÅS	20000
22	JURISTFORENINGEN UNIVERSITETET I BERGEN	Avslag
23	Kamilla Sajetz Mathisen	Avslag
24	Kari Berle Nilsen	10000
25	Katrine Meisfjord	35000
26	KRABATENE v/Irene Ahnéll	25000
27	Kunstgarasjen	35000
28	Lin Wang	Avslag
29	LINDA RØYSETH SANDHÅLAND	12000
30	Lisa Him-Jensen	Avslag
31	MARIANNE JUVIK SÆBØ	Avslag
32	Marianne Morild	Avslag
33	Marthe Valle	Avslag
34	NORWEGIAN SCIENCE HEIDI EKTVEDT	Avslag
35	Notelangs	Avslag
36	Nye stemmer	10000
37	Olav H. W. Egeberg	Avslag
38	Pianisten Carina Olsen Bless	Avslag
39	Rannveig Djønne	25000

40	SERIX	Avslag
41	Spinae Company	35000
42	Stein Urhaug	Avslag
43	STIFTELSEN LITTERATURHUSET I BERGEN	25000
44	Stig van Eijk	Avslag
45	Søstrene Trætteberg	10000
46	TROM - Lars Kolstad	Avslag
47	Trudi Jaeger	Avslag
48	Vill Vill Vest	36000
49	YMIST. AS	15000
50	ZikkZakk Teater & Kulturverksted	Avslag
51	ZikkZakk Teater & Kulturverksted	30000
52	Åsne Sunniva Søreide	Avslag
	<b>SUM</b>	<b>541000</b>

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 04.10.2018

Der er som vanleg i denne søknadsordninga langt fleire støtteverdige søknader enn det er økonomi til å innvilge. Det er difor også i denne søknadsrunda mange som får avslag som fell innanfor kriteria, og dei som får innvilga stetter i høg grad vurderingskriteria som er sett opp. Det er generelt høg kvalitet på søknadane.

Fylkesrådmannen har særskild lagt vekt på at tiltak som får støtte skal ha verdi for heile eller større deler av fylket, jf. Fylkeskommunen sitt regionale kulturansvar. Difor vert kriterie *d* essensielt i vurderinga, og sjølv om vurderingskriteria står opplista i uprioriter rekkefølge må dette punktet, og punkt a ang oppfylling av føremålet i ordninga, oppfyllast i tilstrekkeleg grad for at søknaden skal verte vurdert tilråding.

Det har vore vanskeleg å heilt innfri den summen som er vedteke som øyremerkt til tiltak for barn og unge. Tilrådinga ligg noko under det vedtekne talet. Det er no for 2018 tildelt og tilrådd 359 000 kroner samla til tiltak for /med barn og ungdom. Dette er 49 000 mindre enn det som ligg som øyremerkt. Søknadar for denne målgruppa har vore vurdert som ekstra relevante, men om ein skulle gå høgare opp i løying når det gjeld barn og unge ville det ha ført til for stor ulikskap i forhold til vurdering av dei andre søknadane i søknadsbunka. Der er også fleire søkerar som har vald målgruppe «alle» som har gode tiltak for barn og ungdom som underprosjekt.

Der har sidan denne ordninga for profesjonell kunst og kultur vart oppretta vore mange søknader om støtte i ein utviklings- og produksjonsfase. Desse søknadane er svært vanskeleg å vurdere, då ein må sjå på potensiale, oftast ut frå kunstnarane sine tidlegare produksjonar. Det er særskilt vanskeleg å vurdere den regionale verdien på førehånd. Det er difor no lagt inn eit krav i kriteria om at det må ligge føre konkrete planar om framføring/framvising. Det er mange av søkerane som no har gjort dette, ofte med vedlagte intensjonsavtalar ol. Dette gjer det lettare å vurdere søknadar ut i frå ei heilskapleg vurdering. Elles har fylkesrådmannen i dei fleste tilfelle prioritert prosjekt der det er fleire kunstnarar involvert / som kjem fleire kunstnarar til gode.

Det har i denne søknadsrunda kommet inn fleire søknader som ligg i grenselandet mellom kultur/kunst og haldningsskapande arbeid og formidling av andre fagområde. Det ligg m.a. føre søknader om støtte til utvikling av teaterprosjekt knytt til førebygging av mobbing. Det kan diskuterast som dette skal vurderast som kultur- og kunstuttrykk, evt. med regional verdi, eller som ei reiskap for å formidle anna kunnskap og haldningar.

Dei fleste av søkerane har fleire finansieringspartar i sitt budsjett. Det er likevel få av desse som hadde fått svar på andre søknader då dei søkte HFK. Det vil si at det er ein usikker økonomi i mange av prosjekta. Men å få positivt svar frå ein instans kan også vere med på å få tilskot og sponsorstøtte frå andre partar.

Fylkesrådmannen viser elles til vedlegg med oversyn over søknadane med grunngjeving til kvar søknad. Dei individuelle grunngjevingane må sjåast som moment i ei heilskapleg vurdering opp i mot kriteria, fylkeskommunen si kulturpolitiske rolle og samla søknadsbunke.